

## Notat - nokre spørsmål rundt Inndelingslova

---

**Til:** Kommunedirektøren

**Frå:** Kristin Otterlei, advokat

### Spørsmål frå Tore Johan Øvstebø

Tor Johan Øvstebø (Krf) har stilt dette spørsmålet i epost onsdag 16. februar klokka 1459

*«Spørsmål til kommunedirektøren – til oppklaring. Kommunedeling.*

*Eg er ingen jurist – men har heile tida oppfatta denne saka slik at det er alt eller ingenting. Altså – anten så går heile Haram ut av Ålesund – eller så fortset heile Haram som ein del av Ålesund. Saka slik eg har oppfatta den er at vi skal ta stilling til ei rask reversering av eit tvangsvedtak – og at saka derfor ligg litt på sida av paragrafane i Inndelingslova. Men er det rett?*

*På folkemøtet på Haramsøy la eg merke til at stortingsrepresentant Heidi Greni understreka at regjeringa har lagt til rette for ei «fast track» tilbake for tvangssamanslåtte kommunar.*

*Men kva betyr det? Betyr det at det ikkje er inndelingslova som set rammene for denne kommunedelinga? Og dersom det er inndelingslova som også set rammene for oss – betyr det at kommunestyret ved vedtak om ei eventuell deling også etter lova må ta stilling til kvar dei nye grensene mellom dei to kommunane skal gå?*

*Kan ein sjå føre seg at eit resultat i denne saka kan bli at berre deler av gamle Haram vert skilt ut frå Ålesund?»*

### Innleiing

Departementet sende 12. november 2021 ut eit brev med tittelen « Informasjon til tvangssammenslåtte kommuner om prosess og tidsplan for mulig deling». I brevet viser departementet til reglane i inndelingslova. Brevet låg også ved som vedlegg 2 til sak 216/21 om «Innbyggjarforslaget – Haram ut av Ålesund» som vart handsama 25. november 2021.

Etter det kommuneadvokaten kan sjå er det riktig at det er lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) som regulerer delinga av ein kommune.

### Nokre av dei relevante reglane i Inndelingslova, kva som skal avgjerast

Lova omfattar etter § 2 både endring av grenser og fastsetjing av grenser. Lova må tolkast på bakgrunn av formålet med reglane, dette er formulert slik i § 1

*«Formålet med denne lova er å leggje til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som innafor ramma av det nasjonale fellesskap kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning. Endringar i kommune- eller fylkesinndelinga bør medverke til å skape formålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Verksemda etter denne lova skal byggje på prinsippet om lokal medverknad og initiativrett til grenseendringar.»*

I forarbeida i Ot.prp. nr. 41 (2000-2001) kap. 12 heiter det

*«Med formålstenlege einingar er det tenkt på mellom anna økonomisk berekraft, tilstrekkeleg kapasitet til å løyse pålagde oppgåver og fagleg kompetanse.»*

## Reglar om deling §§ 3 og 5

Deling av kommunar er definert slik i inndelingslova § 3

*«Deling inneber*

*a) at ein kommune eller eit fylke blir delt i to eller fleire nye einingar«*

Regelen om vedtak om deling står i inndelingslova § 5

*«Stortinget gjer vedtak om deling av eit fylke. Kongen gjer vedtak om deling av ein kommune når kommunen eller kommunane saka gjeld, har slutta seg til forslaget. Dersom éin kommune har uttalt seg mot deling, skal saka leggjast fram for Stortinget for avgjerd. «*

Saka som skal følgje opp sak 216/21 og leggjast fram for kommunestyret handlar om eventuell søknad om deling av Ålesund kommune til to kommunar etter § 5, nemleg Haram og Ålesund.

## Kva skal søknaden innehalde, inndelingslova § 8

Etter § 8, 2 ledd skal søknad om deling eller samanslåing bli sendt av kommunestyret

*«Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om samanslåing eller deling kan berre fremjast av kommunestyret eller fylkestinget sjølv i dei kommunane eller fylkeskommunane endringsforslaget gjeld.»*

4. Ledd inneheld litt meir om kva søknaden skal innehalde

*«Søknad om at det skal setjast i gang utgreiing om grenseendring eller grensefastsetjing skal vere skriftleg og grunngitt, og må innehalde forslag til nye grenser.»*

At søknaden frå kommunestyret skal foreslå nye grenser kjem også fram av informasjonsskrivet frå departementet dagsett 12.11.21, der det mellom anna heiter

*«En søknad fra kommunestyret om deling skal sendes direkte til Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Søknaden skal være skriftlig og begrunnet, og den må inneholde forslag til nye kommunegrenser, jf. inndelingsloven § 8. Søknaden må også inneholde forslag til kommunenavn. At søknaden skal være begrunnet, innebærer at den bør redegjøre for hvordan kommunen vil bli berørt av en deling. Loven oppstiller ingen nærmere krav til hvilke opplysninger søknaden skal inneholde.»(mi understreking)*

Slik kommuneadvokaten ser det skal eventuell søknad frå kommunestyret om deling innehalde forslag til nye grenser mellom Ålesund kommune og Haram kommune.

Det er ikkje føringar verken i lov, lovforarbeid eller anna informasjon frå regjeringa om at deling etter § 5 berre gjeld reetablering av dei gamle kommunegrensene.

## Innbyggjarhøyring § 10

I lova er det vidare lagt til grunn at kommunestyret bør høyre innbyggjarane etter inndelingslova § 10, og at dette skal innrettast slik at dei ulike delane av kommunen bør høyrast, i informasjonsskrivet dagsett 12.11.21 frå departementet heiter det

*«Det er vidare opp til kommunestyret å bestemme hvem som skal høres. Deling vil berøre hele kommunen, og ikke bare den delen som søkes fradelt. Kommunestyret må derfor vurdere om innbyggerne i hele kommunen skal høres. Det er mulig å innrette undersøkelser på en slik*

måte at det kan hentes ut resultater fra de ulike geografiske områdene av kommunen.» (mi understreking)

Dette korresponderer godt med formålsparagrafen, som legg vekt på «prinsippet om lokal medverknad», og signal om at regjeringa vil lytte like mykje til både dei som vil delast og dei som ikkje vil delast. Også desse prinsippa støttar at kommunen etter delingslova § 5 fritt kan foreslå tenlege grenser.

### **Anna tilgjengeleg informasjon frå departementet**

I brev dagsett 11. februar 2022 om «økonomisk kompensasjon for kostnader ved å gjennomføre delinger» står det ingenting om at kompensasjon er knytt til reversering til tidlegare kommunegrenser. Brevet refererer gjennomgåande til «de nye enhetene», til dømes

*«I tillegg vil det være behov for frikjøp av ansatte og hovedtillitsvalgte for å kunne delta i prosjektgrupper o.l., samt behov for ulike aktiviteter blant de ansatte for å gi de nye enhetene en god start. Her vil det kunne være skjønnsmessige vurderinger av hva som er nødvendige aktiviteter for å gjennomføre delingen, og hva som er organisasjonsutvikling for de nye enhetene utover dette» (...)*

Det er soleis heller ikkje i skrivet om økonomisk kompensasjon sett noko premiss om at dekninga gjeld berre dersom det er reversering av gamle kommunegrenser, det er konsekvent nemnt «nye enheter». Dette støttar synspunktet om at kommunestyret står fritt til å foreslå kor grensene eventuelt skal gå ved kommunedelinga.

### **Oppsummert**

- Ålesund kommunestyre skal handsame saka om eventuell deling av kommunen etter reglane i inndelingslova
- Det er ikkje føringar verken i lov, lovforarbeid eller anna informasjon frå departementet om at deling etter § 5 berre gjeld reetablering av dei gamle kommunegrensene. Kommunestyret står difor fritt i å foreslå ny kommunegrenser etter § 8.
- Det politiske handlingsrommet etter prosessen i inndelingslova inneber at kommunestyret kan la vere å sende inn søknad, sende søknad om reetablering av dei gamle kommunegrensene eller foreslå nye kommunegrenser

Ålesund 16. februar 2022  
Kristin Otterlei, advokat